



Statsforvaltaren i Vestland

# TILSYNSRAPPORT

Barnehagelova § 19 g  
Individuelt tilrettelagt  
barnehagetilbod for barn med  
nedsett funksjonsevne

Vik kommune

25. januar 2021

## **Samandrag**

Vi fører tilsyn med Vik kommune. Temaet for tilsynet er kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsette funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagertilbod. Under dette teamet kontrollerer vi kommunen si plikt til å fange opp barn, og gjere vedtak om tilrettelegging, etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27 og barnekonvensjonen art. 3.

Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen sikrar at barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen kan ta i bruk barnehagertilboden sitt på lik linje med andre barn.

Tilsynet har avdekt brot på mellom anna plikta til å fange opp barn som kan ha behov for tilrettelegging, og plikta til å grunngi vedtak.

Sidan tilsynet vart opna før endringane i barnehagelova, blir det i denne rapporten vist til dei tidlegare føreseggnene i lova. Dei tidlegare føreseggnene viste til Fylkesmannen som tilsynsmyndighet, men det er no Statsforvaltaren som gjer vedtak om pålegg. I denne tilsynsrapporten vil vi difor vise til Statsforvaltaren som tilsynsmyndighet, sjølv om lovtilvingane ikkje samsvarar med dette.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport 18. desember 2020 og har uttalt seg innan fristen. Slik vi vurderer det har ikkje kommunen kome med opplysningar som gjer at vi endrar vår vurdering av lovbroten. Kommunen har også lagt ved nye retningslinjer og malar, men vi held oss til dokumentasjonen på tilsynstidspunktet i denne rapporten. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til **25. mars 2021**.

## **Innhald**

1	Innleiing .....	4
2	Om tilsyn med Vik kommune .....	4
2.1	Temaet for tilsynet .....	4
2.2	Om gjennomføringa av tilsynet .....	4
3	Undersøkingar og rutinar for kommunen si plikt .....	5
3.1	Rettslege krav .....	5
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	6
4	Vedtak om individuell tilrettelegging .....	13
4.1	Rettslege krav .....	13
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	13
5	Barnets beste .....	18
5.1	Rettslege krav .....	18
5.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	18
6	Informasjon om klagerett og innsyn .....	19
6.1	Rettslege krav .....	19
6.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar .....	19
7	Pålegg om retting .....	20
8	Klagerett .....	21

# 1 Innleiing

Vi fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Våre tilsyn er offentleg myndighetsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 2 Om tilsyn med Vik kommune

### 2.1 Temaet for tilsynet

Tilsynet har undersøkt om kommunen som barnehagemyndigkeit sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt tilbod i barnehagen, jf. barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27, og Barnekonvensjonen artikkel 3.

For å kontrollere om plikta er oppfylt vurderast følgjande:

- Kommunen si plikt til å fange opp barn med nedsett funksjonsevne etter barnehagelova § 19 g
- Kommunen si plikt til å gjere vedtak etter barnehagelova § 19 g

### 2.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Vik i brev frå 20. august 2020. Kommunen vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet. Statsforvaltaren sine vurderinger og konklusjonar er basert på den skriftlege dokumentasjonen vi har fått av kommunen.

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Eigenvurderingar i Reflex<sup>1</sup>, svar på spørsmål 1.1 til og med 1.24, med unntak av spørsmål 1.15, 1.16, 1.17, og 1.19.
- Vik kommune sitt siste vedtak etter barnehagelova § 19 g (kommunen har kun et vedtak)
- Vik kommune sine Retningslinjer for § 19 g
- Vik kommune sitt skjema om Melding om behov for individuell tilrettelegging
- Vik kommune sin Mal for samtykke
- Mal for enkeltvedtak barnehagelova § 19 g
- Vik kommune sin Årsrapport barnehagen § 19

---

<sup>1</sup> <https://reflex.udir.no/eigenvurdering/info/Eigenvurdering>

- Vik kommune sitt skjema for Startsamtalen i barnehagen
- Feiosheftet – organisering av Feios barnehage 2020/21

Temaet for tilsynet er kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsette funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagertilbod. Under dette teamet kontrollerer vi kommunen si plikt til å gjere vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27 og Barnekonvensjonen artikkel 3. Vi har ikkje sett på korleis kommunen oppfyller andre krav i regelverket.

Vi sendte førebels tilsynsrapport til kommunen 18. desember 2020. I den presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. Kommunen har kommentert innhaldet i den førebelse rapporten innan fristen 15. januar 2021. Kommentarane førte ikkje til endring av vårt vedtak.

## **3 Undersøkingar og rutinar for kommunen si plikt**

### **3.1 Rettslege krav**

Formålet med føresegna om tilrettelegging i barnehagelova § 19 g er å sikre at barn med nedsett funksjonsevne kan gjere seg nytte av barnehagertilboden på lik linje med andre barn og få likeverdige utviklings- og aktivitetsmoglegheiter.

Kommunen har ansvar for å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eigna individuell tilrettelegging i barnehagen. Kommunen må informere barnehagane og foreldra og i tilstrekkeleg grad følgje med på funksjonsnivået til barn i barnehagane for å fange opp om det er barn som har rett til individuell tilrettelegging. Dersom kommunen får informasjon om at eit barn kan ha nedsett funksjonsevne, må kommunen følgje opp med nærare undersøkingar.

Foreldra må involverast så tidleg som mogleg. I tilfelle der foreldra ikkje har vore involverte, må kommunen sende førehandsvarsel før de fattar vedtak, jf. forvaltningslova § 16.

Kommunen må innhente tilstrekkeleg dokumentasjon for å vurdere barnet si funksjonsevne i den enkelte saka, det vil seie mellom anna informasjon om barnet sitt behov, kva som er forsøkt av tilpassingar og barnehagen sin samla kompetanse, bemanning og fysiske utforming. Ved behov må kommunen og innhente informasjon frå andre, for eksempel PPT, helsetenesta eller eventuelt barnevernet, dersom dei har vore involverte.

## 3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

### a) Fangar kommunen opp barn med nedsett funksjonsevne som kan ha rett til individuell tilrettelegging?

#### Observasjonar

I eigenvurderingsskjemaet RefLex svarar Vik kommune Nei på spørsmålet om dei har gjort det som er tilstrekkeleg for å kunne fange opp barn med nedsett funksjonsevne. Kommunen skriv på dette punktet at barnehagemyndigheita ikkje har gitt tilstrekkeleg rettleiing, men at styrarane er blitt gjort merksame på § 19 g. I intervju kjem det fram at rettleiing knytt til § 19 g starta hausten 2019. Det var og planlagd ei samling 13. oktober 2020, men grunna pandemiutbrotet vart den avlyst.

Kommunen som barnehagemyndighet har i etterkant av melding om at det vart opna tilsyn endra heimesidene for å sikra innbyggjarane informasjon om § 19 g. Under overskrifta «*Barnehagetilbodet i Vik kommune*» er det i underpunkt lagt inn lovteksten som omhandlar plikta kommunen har til å sikre tilrettelagt barnehagetilbod etter § 19 g i barnehagelova. Lenkene under teksten viser foreldre vidare til vedtekter, forskrifter, barnehagelova, retningslinjer og meldeskjema. I informasjon knytt til meldingsskjemaet står det at fristen for utfylling av skjema er 1. mai.

I RefLex har dei under spørsmålet om kommunen fangar opp barn med nedsett funksjonsevne som kan ha rett til individuell tilrettelegging vedlagt eit dokument som heiter «*Retningslinjer § 19 g for Vik kommune*». På side 1 i dette dokumentet er det mellom anna tatt inn aktuelle lovforesegner og forarbeid knytt til § 19 g.

Kommunen har også lagt ved referat frå administrasjonsmøtet frå 31. august 2020, punkt 8 har sakstittel «*Endringar i barnehagelova*» der det står følgande:

*Alle må få opplæring i 19g. Vi prøvar å få til ei ressurssamling 13.oktober de(r) vi har ein gjennomgang av endringar i barnehagelova*

Kommunen har også lagt ved eit hefte som ein barnehage i Vik har utarbeidd for tilsette, nytilstette og vikarar: «*X-barnehage-organisering 2020-21*», på side 8 i dette dokumentet er § 19 g referert. Det er ikkje knytt andre kommentarar til heimelen. Det kjem fram i intervju med kommunalsjefen at ho vil at alle barnehagane skal ha slike hefte.

I intervju fortel kommunalsjefen at dei kjenner lova og har fått med seg føresegna, men at dei ikkje har hatt så mange tilfelle der det har vore behov for tilrettelegging i barnehagane. Det vert vidare vist til at dialog med foreldre og «*Oppstartssamtalen*» er ein del av kommunens rutinar for å fange opp barn som kan ha krav på tilrettelegging etter § 19 g. Etter tilsynet vart opna har kommunen endra heimesidene for å opplyse og informere om § 19 g.

Styrarane bekreftar i intervju at dei har deltatt på ei samling der § 19 g har vore tema. Dei tidfester denne til hausten 2019 eller vinteren 2020.

### Vurderingar

Kommunen erkjenner i RefLex at dei ikkje har gjort det som er tilstrekkeleg for å kunne fange opp barn med nedsett funksjonsevne. Kommunen skriv også at dei som barnehagemyndigkeit ikkje har gitt tilstrekkeleg rettleiing om § 19 g til barnehagestyrarane.

Den nye heimelen § 19 g vart innført 1. august 2016. Det er barnehagemyndigheita som har ansvar for å utøve rolla som informasjonsformidlar av lovendringar og statlege føringar til barnehagane. Kommunen som barnehagemyndigkeit har ansvar for å fylge med, og oppfatte at det vert stilt nye krav gjennom regelstyring. Dette kan vera nye lovheimlar som krev formidling og forklaring, både til dei tilsette i barnehagane, og til føresette.

I Vik kommune har styrar i den enkelte barnehage fått delegert oppgåva med fange opp barn med nedsett funksjonsevne. For å sikre barn med nedsett funksjonsevne sin rett til individuell tilrettelegging, er det ein føresetnad at dei som har fått oppgåva delegert kjenner innhaldet i lova/heimelen og har kunnskap om vilkåra for å få innfridd ein slik rett. Statsforvaltaren vurderer at det er dokumentert at barnehagemyndigheita for seint, og i for liten grad, har rettleia styrarar og informert føresette om innhaldet i § 19 g slik at kommunen fangar opp barn med nedsett funksjonsevne og deira behov for individuell tilrettelegging.

I nye retningslinjer er det gjennomgåande nemnt at ansvaret for å gjennomføre oppgåver som eksempelvis å fange opp barn med nedsett funksjonsevne, innhenting av opplysningar, la foreldre uttale seg i saker etter § 19, er lagt til styrar. Opplysningar, innhenting av dokumentasjon, vurdering av barnet si funksjonsnedsetting er ein stor del av prosessen fram mot vedtak. Sjølv om Statsforvaltaren ikkje har informasjon om at kommunen formelt har delegert oppgåvene, tar vi likevel utgangspunkt i at kommunen har opplyst barnehagane om dette, og at barnehagane har gjort seg kjent med sine oppgåver og dei nye retningslinjene og rutinane. I tillegg presiserer vi at ein ikkje kan delegere ansvar, berre oppgåver. Sjølv om det er barnehagen som skal gjennomføre desse oppgåvene framover er det likevel kommunen, som barnehagemyndigkeit, som har ansvaret for at lover, reglar og rutinar vert følgt opp.

For at styrarane i barnehagane skal kunne utføre desse oppgåvene, må den ansvarlege ha sørga for at dei har kunnskap om kva oppgåvene inneber. For at foreldre og andre skal kunne melde om barn som har behov, må den ansvarlege ha informert om at rettane eit barn kan ha. Vi finn det ikkje sannsynleggjort at barnehagemyndigheita har gjort dette i Vik kommune. Kommunen har difor ikkje fanga opp barn med nedsett funksjonsevne.

Når det gjeld informasjonen på nettsidene om at fristen for å melde behov er 1. mai, er dette ikkje i tråd med lova. Det skal ikkje leggast opp til ei søknadsordning, og ein skal kunne melde om behov til ei kvar tid.

### Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen ikkje fangar opp barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 19 g og barnekonvensjonen artikkel 2, 3 og 23

**b) Undersøker kommunen om barn med nedsett funksjonsevne har rett til individuell tilrettelegging?**

Observasjonar

Kommunen svarte Ja på dette spørsmålet i RefLex, og svarte at retningslinjer skal sikre at dette vert gjort.

Meldingsskjema ligg tilgjengeleg for foreldre/føresette på kommunen sine nettsider. Skjemaet inneholder spørsmål om mellom anna

- personalia
- kompetansebehov for å kunne legge til rette tilbodet i barnehagen for barnet si nedsette funksjonsevne
- omtale av barnet, og kva situasjonar det er behov for tilrettelegging
- melding om barnehagen sitt behov for støtte for å leggja til rette tilbodet i barnehagen for born med nedsett funksjonsevne
- samtykke frå føresette

I RefLex skriv kommunen at «*dersom barnehagen avdekker eit mogleg behov skal dei orientere føresette om retten dei har til å melda inn behov og om innmeldingsskjema*». Kommunen har delegert oppgåva med å fange opp barn som kan ha behov for tilrettelegging til barnehagane. Dette inneber at barnehagen skal legge merke til barn som kan trenge tilrettelegging etter § 19 g, og i samarbeid med føresette melde frå til kommunen om dette.

Vurderingar

Utdanningsdirektoratet har i ei tolkingsuttale<sup>2</sup> presisert at barn med nedsett funksjonsevne har rett til eit eigna individuelt tilbod. Det er ikkje nedfelt konkrete sakshandsamingsreglar for kommunen si tilretteleggingsplikt i lova.

Kommunen skriv at meldeskjema fyllast ut av foreldre saman med leiar i barnehagen. Vi vil gjere kommunen merksam på at foreldre kan gi beskjed om funksjonsnedsetting utan at barnehagen er involvert og omvendt. Kommunen kan ikkje vise til ein praksis som krev at begge partar må vere involverte for å gi beskjed, dette er ikkje i tråd med lova.

Kommunen har delegert oppgåvene med å fange opp barn med funksjonsnedsetting til barnehagen. Personalet i barnehagen skal legge merke til barn som kan trenge tilrettelegging etter § 19 g. Sidan kommunen ikkje har utøvd rolla si som informasjonsformidlar av lovverket vil heller ikkje personalet ha dei naudsynte opplysningane om kva som kjenneteiknar ei funksjonsnedsetting og difor ikkje fanga opp barn med nedsett funksjonsevne. Om barna ikkje vert fanga opp vil heller ikkje kommunen få beskjed om desse barna, og kommunen vil ikkje kunne starte prosessen med å undersøke om barn har rett til individuell tilrettelegging.

I dei nye retningslinjene står det at «*de*» har ansvar for å følgje opp informasjon om eit barn kan ha nedsett funksjonsevne. Det er uklart for Statsforvaltaren kven kommunen har fordelt ansvaret

---

<sup>2</sup> Utdanningsdirektoratets tolkningsuttale 27.april 2019

til her. Det skal kome klart og tydeleg fram av retningslinjene kven ein har fordelt oppgåver til. Det står og i retningslinjene at ein skal innhente sakkunnig vurdering frå PPT for å undersøke saker etter barnehagelova § 19 g. Dette er ikkje i tråd med lova. Det er ikkje krav om sakkunnig vurdering i saker etter § 19 g, og ei sakkunnig vurdering vert utforma med eit anna fokus enn det som krevst i saker etter § 19 g.

Kommunen hadde ikkje utarbeidd retningslinjer før vi opna tilsyn, og det er ikkje sannsynleggjort at kommunen har tatt i bruk nye retningslinjer per i dag. På bakgrunn av at det er uklart i retningslinjene kva dokumentasjon kommunen skal og vil innhente, og det at kommunen ikkje har hatt tilstrekkeleg kunnskap om føresegna til å fange opp barn, vurderer vi at kommunen ikkje oppfyller plikta til å undersøke om eit barn med nedsett funksjonsevne har rett til individuell tilrettelegging.

#### Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen ikkje undersøker om barn med nedsett funksjonsevne har rett til individuell tilrettelegging, jf. barnehagelova § 19 g jf. barnekonvensjonen artikkel 2, 3 og 23.

### c) Gir kommunen foreldra moglegheit til å uttale seg?

#### Observasjonar

Kommunen svarte Ja på dette spørsmålet i RefLex, og skriv vidare at barnehagen har tradisjon for å ha tett dialog med «barnehagen», vi tolkar det som tett dialog med «foreldre». Kommunen seier at «*vedtaket som er sendt inn syner at foreldra har vore involvert*».

På spørsmål om kommunen har sendt ut førehandsvarsel om vedtak, svarer dei Ja i RefLex, men dei skriv at dei ikkje har vore borti slike type saker. Kommunen skriv at «*det skal kome fram av retningslinjene at dette skal bli gjort*». Desse retningslinjene er utarbeidd etter at vi opna tilsyn med kommunen.

På side fem og seks i dokumentet «*Retningslinjer for § 19 g*» skriv kommunen om foreldremedverknad. Retningslinjene til kommunen viser til en kopi av kontrollspørsmål og hjelpeTeksten som omhandlar individuelt tilrettelagt barnehagetilbod for barn med nedsett funksjonsevne i RefLex. Etter den kopierte teksten har kommunen lagt til eit eige punkt, «*me løyer dette gjennom*». Følgande står i retningslinjene:

- *Foreldresamarbeid:*  
*Hovudregelen skal vere at foreldre/føresette skal involverast gjennom heile prosessen som ved innhenting av opplysningar, kartlegging, vurdering. Foreldre/føresette skal også få høve til å uttale seg i forkant av endeleg vedtak. Mal for enkeltvedtak og desse retningslinjene skal sikra at det vert gjort*
- *Foreldre skal ha førehandsvarsel om vedtak dersom dei ikkje allereie har uttalt seg i saka:*  
*Det skal alltid sendast ut førehandsvarsel om vedtak til foreldre/føresette*
- *Foreldre skal ha muligkeit til å uttale seg til førehandsvarsel:*

## *Foreldre skal ha førehandsvarsel og høve til å uttale seg før det vert gjort endeleg vedtak*

På side to i dette dokumentet står det at det er styrar som har ansvar for at desse rutinane vert følgt opp.

Kommunen har utarbeidd eit meldeskjema for individuell tilrettelegging. I meldeskjema under del 1 er det lagt opp til at foreldre skal legge inn informasjon om barnet, samt dokumentasjon frå eksempelvis lege, sjukehus, BUP osv.

### Vurderingar

Foreldre skal få høve til å uttale seg før kommunen gjer vedtak. I ei slik uttale vil kommunen fange opp om foreldre er einig eller ueinige i dei tiltaka kommunen vurderer å sette i verk, eller om dei meiner at hjelpetiltaka ikkje er eigna eller i tilstrekkeleg grad vil hjelpe barnet. Foreldre kan og vere ueinig i at kommunen i det heile tatt gjer vedtak om tilrettelegging. For å sikre at foreldra er opplyst om retten til å uttale seg før kommunen gjer vedtak ser vi i rutinane kommunen har for å informerer om dette, og i kva prosessar foreldre er involvert.

Ut i frå retningslinjene for § 19 g i Vik kommune ser vi at prosessen fram mot vedtak omhandlar fleire steg, og at foreldre er gjennomgåande nemnt. I første punkt, står det at «*foreldre skal vere med når kommunen innhentar opplysningar, kartlegg barnet og vurdere funksjonsnedsettinga*». Kommunen skriv i kva situasjonar foreldre skal vere involverte, og at styrar har ansvaret for dette. Om styrar følgjer dei nye retningslinjene, vil foreldre vere involverte i prosessen fram mot vedtak. Styrar må likevel vere klar over, og opplyse foreldra om, at dei kan uttale seg når dei er i dialog.

### Førehandsvarsel

I retningslinjene står det vidare «*at styrar gjer saksførebuing og skriv vedtak. Det skal alltid sendast ut førehandsvarsel til føresette/foreldre. Styrar kontaktar foreldre med førehandsvarsel og gir dei høve til å uttale seg før det endelige vedtaket*

. Det er først i denne delen av saksførebuinga at kommunen eksplisitt opplyser om at foreldre har rett til å uttale seg. I RefLex vert det opplyst at kommunen «*ikkje har sendt ut førehandsvarsel sidan kommunen ikkje har vore borti slike saker, men at det kjem fram av rutinen at dei alltid skal gjere det*».

Statsforvaltaren ser at barnehagen har tradisjon for å ha tett dialog med foreldre, likevel skriv kommunen i retningslinjene at styrar alltid skal sende ut førehandsvarsel. Her viser kommunen mangel på forståing for når det er behov for å sende ut førehandsvarsel. Kommunen skal sende ut førehandsvarsel dersom foreldre ikkje har vore involverte i sakshandsaminga eller på anna måte har fått uttale seg om saka på eit tidlegare tidspunkt. Om det kjem fram av mellom anna rutinar, eller i vedtak, at foreldre har vore involverte i prosessen fram mot vedtak treng ikkje kommunen sende førehandsvarsel til føresette. Utgangspunktet er at dersom føresette har vore involvert i prosessen før vedtaket gjerast, treng ein ikkje å sende førehandsvarsel.

Her vil vi gjere kommunen merksam på at det må kome klart og tydeleg fram av retningslinjene kva styrar skal gjere, og i kva situasjonar det skal sendast ut førehandsvarsel.

## Frå vedtaket

Kommunen skriv at «*det går fram av vedtaket som er sendt inn at foreldre har vore involverte, men at dei ikkje har hatt retningslinjer for å involvere foreldre før vedtaket vart gjort*».

Vedtaket som er sendt inn viser til ei sakkunnig vurdering frå lege. Når vedtaket viser til ei slik vurdering sannsynleggjer det at barnehagen har vore i dialog med foreldre før vedtaket vart gjort. I sjølv vedtaket er det elles ikkje opplyst kva møter eller dialog barnehagen har hatt med foreldre undervegs. På grunn av manglande rutinar og mangel på informasjon om samarbeid med foreldre, kan vi ikkje av vedtaket sjå korleis foreldre har vore involverte og når dei har fått uttalt seg i saka. Sjølv om kommunen ikkje har hatt rutinar for foreldreinvolvering tidlegare, ser vi i barnehageheftet, under årshjulet 2020/2021, at det er lagt opp til foreldremøte og foreldresamtale to gonger på året. Det kjem fram i intervjuet at barnehagane har oppstartsamtale med foreldre. Vi vurderer difor at det er sannsynleggjort at barnehagen/barnehagemyndigheita har hatt dialog med foreldre undervegs, og at foreldra har fått uttale seg, før vedtak er gjort.

## Meldeskjema

Det er opplyst at meldeskjema skal fyllast ut av foreldre og leiar i barnehagen. Sjølv om kommunen ikkje kan kreve at det vert brukt meldeskjema i desse sakene, eller at det skal fyllast ut av både foreldre og leiar i barnehagen, innbyr dette likevel til å involvere foreldre.

Statsforvaltaren vurderer at då vi opna tilsynet med kommunen, hadde dei ikkje rutinar for å la foreldre uttale seg. Ut i frå svaret i RefLex, informasjon i barnehageheftet og intervju, kjem det fram at barnehagen har tradisjon for å ha eit godt samarbeid med foreldre. Etter at tilsynet vart opna har kommunen utarbeidd retningslinjer med fokus på foreldresamarbeid, og å la foreldre uttale seg før dei gjer vedtak. Om kommunen og barnehagen følgjer dei nye retningslinjene vil dei i framtidige saker gi foreldre denne moglegheita.

## Konklusjon

Vi konkluderer med at kommunen gir foreldra moglegheit til å uttale seg, jf. barnehagelova § 19 g jf. forvaltningslova §§ 16 og 17.

### d) Opplyser kommunen saka tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til:

- **om eit barn har ei nedsett funksjonsevne?**
- **om barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn?**

## Observasjonar

Spørsmåla i RefLex har kommunen svarar Ja på begge spørsmåla. Kommunen skriv vidare at retningslinjene vil sikre at saka vert opplyst tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til begge desse spørsmåla.

På side 6 i retningslinjene viser kommunen mellom anna til kva som er definert som funksjonsnedsetting og korleis kommunen løyser denne plikta:

- *Styrar skal sikra at det vert henta inn aktuell dokumentasjon for å ta stilling til om barnet kan delta i barnehagen på lik linje med andre.*

- *I samband med meldinga hentar ein inn samtykke til å kontakte aktuelle instansar samt at foreldre vert bedne om å leggja ved aktuell dokumentasjon*
- *Styrar handsamar saka og skriv enkeltvedtaket. Kommunen gjer endeleg vedtaket*
- *Vedaksmynde må sjå til at saka er tilstrekkeleg opplyst før det vert fatta vedtak.*

Meldeskjema er delt opp i tre delar:

*Del 1. Opplysningar (dokumentasjon frå lege, BUP eller sjukehus, kva kompetanse manglar barnehagen, omtale av barnet, tilbodet barnet har i dag..)*

*Del 2. Melding om barnehagen sitt behov for støtte for å legge til rette tilbodet i barnehagen for born med nedsett funksjonsevne (kompetanse, omtale av barnet)*

*Del 3. Samtykke til at det vert gjort vedtak*

#### Vurderingar

RefLex sitt kontrollspørsmål omhandlar kommunen sin praksis for å innhente opplysningar om barnet. Desse opplysningane vil danne grunnlaget for å belyse saka og kommunen må vite kva opplysningar som trengst for at dei skal kunne ta stilling til om barnet har ei funksjonsnedsetting, og om det ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn.

I nye retningslinjer for kommunen står det at styrar skal sikre at det vert innhenta aktuell dokumentasjon, samt eksempel på kva dokumentasjon det kan vere (lege, sjukehus BUP). I meldeskjema er dette gjentatt. Så langt vil det vere klart for barnehagen kva dokumentasjon som er aktuell og innhente, både retningslinjer og meldeskjema samsvarar.

I mal for enkeltvedtak viser kommunen derimot ikkje til aktuell dokumentasjon, men at «*sakkunnig vurdering seier at.... har behov for tilrettelegging av barnehagertilbodet*». Her viser kommunen til ei samanblanding med barnehagelova § 19 a, der det er krav om sakkunnig vurdering for å gjere vedtak. I saker etter barnehagelova § 19 g er det ikkje krav om sakkunnig vurdering. I ny mal for enkeltvedtak bør kommunen vise til den same dokumentasjon som retningslinjene og meldeskjemaet gjer, i tillegg til uttale frå barnehage/foreldre. Foreldre og barnehagen vil ha opplysningar om barnet og barnehagen som vil vere viktig å vurdere før kommunen gjer vedtak.

I vedtaket vi har fått tilsendt står det at lege har skrive ei sakkunnig vurdering. Det står ikkje om den sakkunnige vurderinga har konkludert med at barnet har nedsett funksjonsevne, eller om barnet har behov for tilrettelegging. Dersom kommunen ikkje kan vise til den sakkunnige vurderinga som grunnlag for når dei skal vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne, er ikkje dokumentasjonen tilstrekkeleg for å opplyse saka. Det må og understrekast at ei sakkunnig vurdering frå ein lege kan ha eit anna perspektiv på barnet enn det som krevst etter § 19 g.

I vedtaket står det at barnet må ha tilrettelagt barnehagertilbod, men det manglar opplysningar om kva som gjer at kommunen kjem fram til denne vurderinga. Vi kan ikkje sjå at det er innhenta opplysningar frå barnehagen, eller om den sakkunnige vurderinga har uttalt noko som gir kommunen grunnlag for å kunne ta stilling til dette. I vedtaket kommunen har sendt inn er det

ikkje vist til at dokumentasjonen i saka opplyser saka tilstrekkeleg for å ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne eller om barnet ikkje kan ta del i det ordinære barnehagertilbodet. Vi vurderer difor at kommunen ikkje har innhenta dei rette opplysningane for å kunne belyse saka godt nok. Det skal kome klart og tydeleg fram i vurderinga kva som er det faktiske grunnlaget for vedtaket.

#### Meldeskjema

Meldeskjema for individuell tilrettelegging er inndelt i tre punkt. I del to står det «*melding om barnehagen sitt behov for støtte for å legge tilrettelegging*». Her viser kommunen til feil forståing av barnehagelova § 19 g. Det er ikkje barnehagen som skal styrkast. Individuell tilrettelegging skal styrke barnet slik at det kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn. Om kommunen har praksis for å innhente informasjon om tilrettelegging som styrkar barnehagen, vil ein ha praksis for å innhente feil opplysningar og gjere vedtak på feil grunnlag.

#### Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen ikkje opplyser saka tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til om et barn har en nedsett funksjonsevne, eller om barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn, jf. barnehagelova § 19 g jf. forvaltningslova § 17.

## 4 Vedtak om individuell tilrettelegging

### 4.1 Rettslege krav

Vedtak skal gjerast uavhengig av om vurderinga ender med å innvilge eller avslå. I vedtaket skal kommunen ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne, og om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn, jf. barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25 og barnekonvensjonen artikkel 3. Dette inneber ei konkret og individuell vurdering av barnehagertilbodet, barnet si funksjonsevne og tilpassingsbehov, og korleis barnehagertilbodet kan leggjast til rette for å avhjelpe barnet sitt behov. Det skal gå fram av vedtaket kva for tilrettelegging som blir gitt og varigheita og omfanget av tiltaket. I vedtak om avslag skal kommunen gi ei grunngiving som viser kvifor barnet ikkje har rett til individuell tilrettelegging.

### 4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

#### e) Gjer kommunen vedtak om individuell tilrettelegging i barnehagen

##### Observasjonar

I RefLex inneheld dette temaet to kontrollspørsmål: gjer kommunen vedtak om individuell tilrettelegging i barnehagen, og gjer dei vedtak om avslag dersom det etter undersøking kjem fram til at barnet ikkje har rett til tilrettelegging i barnehagen.

På det første spørsmålet svarar kommunen Ja, og skriv vidare at dei har sidan hausten 2019 vore merksam på dette. På spørsmålet om avslag svarar kommunen også Ja, men kommenterer at «*så langt har dette ikkje vore aktuelt*».

Retningslinjer for § 19 g inneheld informasjon om at det skal gjerast vedtak og vedtak om avslag. Under begge punkta «dette løyser me gjennom ...» står det at:

- *Behov skal fangast opp*
- *Det skal gjerast ei vurdering*
- *Det skal fattast skrifteleg vedtak etter mal for enkeltvedtak*

I mal for enkeltvedtak står det:

- *Det skal fattast vedtak om avslag dersom det etter undersøking kjem fram at barnet ikkje har rett til tilrettelegging i barnehagen.*

#### Vurderingar

For å oppfylle lovkravet om å gjere vedtak må kommunen vise til ein praksis for både å gjere vedtak om å innvilge, og vedtak om avslag. Vi vurderer kommunen sin gjeldande praksis.

I RefLex kjem det fram at kommunen ikkje har vore merksam på å gjere vedtak etter barnehagelova § 19 g før hausten 2019. I ei tidsperiode på 3,5 år viser kommunen til ein praksis for å ikkje gjere vedtak om individuell tilrettelegging. Det er gjort eitt vedtak om individuell tilrettelegging. Dette er datert 5. november 2019, noko som støttar opp om svaret i RefLex.

Kommunen svarar Ja på at dei gjer vedtak om avslag, men at dette «*så langt ikkje har vore aktuelt*». Som ei følgje av at kommunen ikkje fangar opp barn med nedsett funksjonsevne og ikkje har gjort vedtak i denne perioden er det heller ikkje sannsynleggjort at dei gjer vedtak om avslag.

Sjølv om kommunen har sendt inn eit vedtak om individuell tilrettelegging er det i eit tidsrom på 3,5 år der kommunen ikkje har hatt fokus på den nye heimelen i barnehagelova. I dette tidsrommet er det ikkje blitt gitt informasjon til barnehagane om den nye heimelen eller utarbeidd rutinar som skulle sørge for at kommunen kunne fange opp barn med nedsett funksjonsevne, eller undersøker om barnet har rett til individuell tilrettelegging. På grunn av manglande innsikt i føresegna, manglande informasjon om dette til barnehagane, og mangel på rutinar i prosessen som skulle føre til vedtak, har ikkje kommunen vist til ein praksis om å gjere vedtak om individuell tilrettelegging. Det er eit langt tidsrom der barn med rett på individuell tilrettelegging ikkje har vorte fanga opp.

Kommunen seier i RefLex at dei ikkje har gjort vedtak om avslag. Statsforvaltaren vurderer at mykje av grunnen til dette er at kommunen ikkje har fanga opp barn med funksjonsnedsetting og starta prosessen som leier fram mot vedtak. Om kommunen hadde fanga opp barn som kan ha ei funksjonsnedsetting og undersøkt om barnet kunne ha rett til individuell tilrettelegging, er dette ein prosess som alltid skal føre til vedtak. Om det skulle vise seg at barnet likevel ikkje har rett til individuell tilrettelegging skulle kommunen gjort vedtak om avslag. Kommunen har ikkje vist til ein slik praksis.

Nye retningslinjer og ny mal for einskildvedtak vil føre til at kommunen vil gjøre vedtak og vedtak om avslag framover. Det er likevel ikkje sannsynleggjort at kommunen har tatt i bruk nye retningslinjer eller ny mal for enkeltvedtak. Samla sett vurderer Statsforvaltaren difor at det ikkje er sannsynleggjort at kommunen gjer vedtak eller vedtak om avslag.

#### Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen ikkje gjer vedtak om individuell tilrettelegging i barnehagen, jf. barnehagelova § 19 g og forvaltningslova §§ 2 og 23.

#### f) Har kommunen i vedtaket tatt stilling til

- **om barnet har nedsett funksjonsevne?**
- **om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn?**

#### Observasjonar

I RefLex svarar kommunen følgjande på spørsmålet om dei tar stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne: «*ifølge retningslinjene så skal det komma fram av enkeltvedtaket at ein tek stilling til dette*». Kommunen svarer vidare at «*enkeltvedtaket skal informere om kva slags tilrettelegging som er eigna*».

På spørsmålet om kommunen tar stilling til kvifor barnet treng tilrettelegging for å kunne gjøre seg nytte av barnehagetilboden svarar kommunen at «*det skal komma fram av einskildvedtaket at ein tek stilling til dette, jamfør retningslinjer*». Kommunen svarer vidare at «*enkeltvedtaket skal informere om kva slags tilrettelegging som er eigna*».

I vedtaket som er sendt inn står det at personalet må vere merksame på barnet sitt matinntak, kjenne til kva for reaksjonar barnet kan få om det vert utsett for allergiframkallande matvarer, og kjenne til rutinar for bruk av EpiPen ved ein eventuell allergisk reaksjon. Vidare står det at barnet må ha tilrettelegging av barnehagetilboden og at barnet må takast omsyn til.

I ny mal for enkeltvedtak er desse punkta teke med:

- *Det skal takast stilling til om barnet har ei nedsett funksjonsevne.*
- *Det skal takast stilling til kvifor barnet treng tilrettelegging for å kunne gjøre seg nytte av barnehagetilboden*

#### Vurderingar

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at kommunen, i vedtaket, eksplisitt har tatt stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne. «Nedsatt funksjonsevne» er eit sentralt vilkår i barnehagelova § 19 g. Lova krev ikkje at ordlyden «nedsatt funksjonsevne» er brukt i vedtak etter bhl. § 19 g. Det sentrale er likevel at kommunen faktisk gjer ei vurdering som syner at dei har tatt stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne.

Kommunen si tilretteleggingsplikt må avgrensast mot barnehagen si plikt og ansvar for tilrettelegging innanfor det ordinære barnehagetilboden. Det kan utleiaast frå barnehagelova §§ 1

og 2, samanhaldt med rammeplanen, at barnehageeigar sitt ansvar for individuell tilrettelegging strekk seg langt. Barnehagen skal mellom anna vere ein trygg stad for fellesskap, jf. barnehagelova § 1. Barnehagen skal og mellom anna ta omsyn til barnets alder og funksjonsnivå, jf. barnehagelova § 2. Vedtak om kommunal tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g skal gis til barn som har behov for ei meir omfattande og individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet enn det som kan gis innanfor det ordinære barnehagetilbodet.

Sjølv om kommunen konkluderer med at eit barn har nedsett funksjonsevne, kan det likevel tenkast at barnet sine utfordringar kan avhjelpast innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Kommunen må difor grunngi kvifor det ordinære barnehagetilbodet ikkje er tilstrekkeleg i møte med barnet. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at kommunen synleggjer kvifor tilrettelegging innanfor det ordinære barnehagetilbodet ikkje lar seg gjere. Med andre ord har kommunen ikkje tatt stilling til kvifor barnet har nedsett funksjonsevne i barnehagen.

Som eit utgangspunkt etter forvaltningsretten kan ein i vedtak som til dømes innvilgar søknadar fullt ut, la vere å grunngi konklusjonen dersom det er grunn til å tru at parten vil vere fornøgd med vedtaket. Terskelen for å seie at parten er fornøgd etter barnehagelova § 19 g er høg. Mellom anna fordi at den/dei som skal utføre tilrettelegginga skal vite kva behov ein skal avhjelpe, korleis, og til kva tid, bør vedtak etter § 19 g uansett grunngis. Det vil heller ikkje alltid vere heilt klart kva foreldra eller barnehagen spesifikt har «bedt om» når dei har meldt om eit behov for eit barn. Og som eit utgangspunkt er det kommunen som barnehagemyndigkeit som skal «fange opp» barn med behov, uavhengig av melding om behov frå parten. Det vil i desse tilfella vere vanskeleg å konkludere med at parten vil vere «fornøgd», og at ein då kan la vere i grunngi vedtaket.

Eit minimum for at vedtaket etter § 19 g skal etterleve kravet til grunngiving er for det første at kommunen vurderer funksjonsevna til barnet. Dersom kommunen kjem til at barnet har «nedsett funksjonsevne» i barnehagen, må kommunen for det andre identifisere kva som er til hinder for at barnet kan ta i bruk barnehageplassen sin på same måte som andre barn, og vurdere kva for tiltak som må til for å bygge ned desse barrierane.

Når barnehagen tar i bruk ny mal for enkeltvedtak skal ein i vedtaket «ta stilling til om barnet har ei funksjonsnedsetting» og «om barnet treng tilrettelegging for å kunne gjere seg nytte av barnehagetilbodet». Kommunen har ikkje gjort vedtak etter ny mal, så vi har ikkje grunnlag for å vurdere ny praksis. Statsforvaltaren vurderer difor at kommunen ikkje har sannsynleggjort ein praksis for å ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne. Vidare konkluderer Statsforvaltaren med at kommune ikkje i tilstrekkeleg grad grunngir om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn, innanfor det ordinære barnehagetilbodet.

### Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen ikkje oppfyller grunngjevingsplikta etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.

**g) Tar kommunen stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagertilbodet på lik linje med andre barn?**

Observasjonar

Kommunen svarar ja på dette spørsmålet i RefLex, «*det skal komme fram av enkeltvedtaket at ein tar stilling til dette jf. retningslinjene*». Vedtaket som er sendt inn skildrar styrkingstiltaka slik: «*opplæring av personalet, gode rutinar for innkjøp og matlaging, oppslag på avdelinga med informasjon om allergi og informasjon på foreldremøte*».

I ny mal for enkeltvedtak står det at «*det skal komma fram av vedtak om innvilging kva slags tilrettelegging som er eigna*». I retningslinjer for § 19 g skriv kommunen at «*det skal komme fram av enkeltvedtaket kva tilrettelegging det er trøng for*».

Vurderingar

I vedtaket går det fram at barnet har allergi, og det er skildra kva reaksjon barnet kan få. Det er ikkje gjort ei vurdering av om dette gjer at barnet har ei funksjonsnedsetting. Når dette ikkje er vurdert vil heller ikkje kommunen ha eit grunnlag for å sette inn eigna tiltak.

Vidare skildrar kommunen tilrettelegginga, men desse tiltaka viser kva barnehagen skal ha fokus på for å unngå allergisk reaksjon og tiltak om barnet får allergisk reaksjon. Vedtaket omhandlar ikkje kva styrkingstiltak barnet har fått innvilga. Kommunen skal først grunngi barnet si nedsette funksjonsevne og så ta stilling til kva tilretteleggingstiltak som vil vere eigna for å bryte ned barrierar for at barnet skal kunne delta i barnehagen på lik linje med andre barn.

Ved å skildre kva barnehagen skal prioritere og ikkje sette inn tiltak retta mot barnet, viser kommunen til ei manglande forståing for kven som har rett til styrking i vedtak gjort etter barnehagelova § 19 g. Når kommunen i tidlegare kontrollspørsmål ikkje har oppfylt kravet om å ta stilling til om barnet har ei funksjonsnedsetting, vil dei heller ikkje ha grunnlag for å kunne vurdere til kva tilrettelegging som vil vere eigna for barnet.

I vedtaket skriv kommunen at dei kjenner til alvoret i barnet sin allergi og at barnet må ha tilrettelegging av barnehagertilbodet. Når kommunen skriv at barnet har rett til tilrettelagt barnehagertilbod må dei grunngi kvifor barnet treng dette, og kvifor denne tilrettelegginga fell utanfor det ordinære barnehagertilbodet. Når kommunen ikkje har tatt stilling til dette kan dei heller ikkje vurdere kva som er eigna tilrettelegging for barnet.

Det skal kome fram av vedtaket kva omfanget av tilrettelegginga er slik at barnet, barnehagen og foreldre veit kva barnet har fått innvilga og kva tiltak som skal settast i gang. Vedtaket skal skildre i kva situasjonar barnet treng hjelp, når, og korleis. Kommunen skal gjere ei vurdering av dette med utgangspunkt i funksjonsnedsettinga og kva som vil vere til det beste for barnet.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at vedtaket nemner tidsramma for tilrettelegginga. Gjeld vedtaket for eit år, til ny dokumentasjon er innhenta, eller til barnet byrjar på skulen? Det skal komme klart

og tydeleg fram av vedtaket kva tilrettelegginga gjeld, i kva omfang og i kva tidsperiode tiltaka skal gjennomførast.

Statsforvaltaren vurderer at sidan kommunen ikkje tek stilling til omfanget av tilrettelegging eller kva barnet har fått innvilga, og at vedtaket skildrar retningslinjer for personalet i barnehagen og ikkje styrkar barnet, har kommunen ikkje tatt stilling til kva tilrettelegging som vil vere eigna for barnet.

#### Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen ikkje tar stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn jf. barnehagelova § 19 g jf. forvaltningslova § 24 og § 25 og barnekonvensjonen artikkel 3

## **5 Barnets beste**

### **5.1 Rettslege krav**

Kommunen må vurdere kva som er barnet sitt beste når det gjerast vedtak, jf. barnehagelova § 19 g, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn, og det skal mykje til for å setje det til side. Kommunen må gjere ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon der barnet sitt behov for utvikling og læring må avvegast mot andre behov, for eksempel deltaking i fellesskapet og kvile.

### **5.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

- a) Tar kommunen stilling til kva som er barnet sitt beste når den gjer vedtak om individuell tilrettelegging?

#### Observasjonar

Vik kommune svarar i RefLex at dette skal kome fram av enkeltvedtaket og retningslinjene.

#### Vurderingar

Det krevst ikkje at vedtaka inneheld ein eigen del der ein tar stilling til barnets beste, men ein føresetnad for å sjå om det er tatt stilling til barnets beste er at kommunen i tilstrekkeleg grad har grunngitt vurderingane sine. Som det går fram av dei to førre kontrollspørsmåla har ikkje kommunen oppfylt kravet til grunngiving etter forvaltningslova §§ 24 og 25. Dette gjeld mellom anna manglande grunngiving på kvifor tilrettelegginga ikkje kan skje innanfor det ordinære barnehagetilbodet.

Statsforvaltaren vurderer at mangelfulle vurderingar og grunngivingar tilseier at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad tar stilling til barnet sitt beste ved individuell tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g. Vi vil og gjere kommunen merksam på at det er viktig for barnet sitt beste at vedtaket blir gjort etter rett lovheimel. Det er difor viktig å ha klare skilje mellom behov etter § 19 a og § 19 g.

## Konklusjon

Vi konkluderer med at kommunen ikkje tar stilling til kva som er barnet sitt beste når dei gjer vedtak om individuell tilrettelegging barnehagelova § 19 g, jf. barnekonvensjonen artikkel 3.

# 6 Informasjon om klagerett og innsyn

## 6.1 Rettslege krav

I vedtaka må kommunen informere om klagemogleheit, klagefrist, klageinstans og om at klagen skal sendes til kommunen, samt om retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27.

## 6.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

- h) Inneheld enkeltvedtaket informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen?**

### Observasjonar

I RefLex svarar kommunen at dei opplyser om klagerett, klagefrist, kven som er klageinstans og at klagen skal sendast til kommunen. Vi har mottatt eit vedtak der det er opplyst om klagerett. Det same gjeld for mal for enkeltvedtak og retningslinjer for Vik kommune.

### Vurderingar

Statsforvaltaren vurderer at vedtaket inneholder informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans og at klagen skal sendast til kommunen. I nye rutinar og enkeltvedtak er dette opplyst.

Statsforvaltaren vurderer at kommunen viser praksis for å opplyse om rettane mottakar har til å klage, og at dei fram i tid og vil ha denne praksisen om dei følgjer nye rutinar og mal for enkeltvedtak.

### Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen oppfyller kravet om at enkeltvedtaket inneholder informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen. Jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

- i) Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å sjå saka sine dokumenter?**

### Observasjonar

I vedtaket står det at «*regelverket for å sjå dokumenta i saka finn de i forvaltningslova §§ 18 og 19, forvaltningslova § 12 seier at de kan bruke ein fullmektig*». I mal for enkeltvedtak vert det opplyst om «*retten til innsyn i dokumenta i saka*».

### Vurderingar

I vedtaket som er sendt inn viser kommunen til forvaltningslova §§ 18 og 19. Her kunne kommunen har vore tydlegare i si formulering, men Statsforvaltaren vurderer likevel at kommunen har opplyst om retten til å sjå saka sine dokument.

Om kommunen og barnehagen brukar ny mal for enkeltvedtak vil mottakaren få opplysning om retten til å sjå saka sine dokument.

### Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen oppfyller kravet om å informere om retten til å sjå saka sine dokumenter i enkeltvedtak jf. forvaltningslova §§ 18 og 19.

## 7 Pålegg om retting

Vi har funne at kommunen ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi gjer difor vedtak kor vi pålegg kommunen å rette opp følgjande, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. koml. § 30-4:

### **Undersøkingar og rutinar for kommunen si plikt**

1. Kommunen oppfyller ikkje plikta si om å fange opp barn som kan ha nedsett funksjonsevne, og rett til individuell tilrettelegging jf. bhl. § 19 g og barnekonvensjonen artikkel 2, 3 og 23.

- Kommunen må fange opp barn med nedsett funksjonsevne som kan ha rett til individuell tilrettelegging.

2. Kommunen undersøker ikkje om barn med nedsett funksjonsevne har rett til individuell tilrettelegging, jf. barnehagelova § 19 g og barnekonvensjonen artikkel 2, 3 og 23.

- Kommunen må undersøke om barn med nedsett funksjonsevne har rett til individuell tilrettelegging

3. Kommunen opplyser ikkje saka tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til om eit barn har nedsett funksjonsevne, eller om barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn

- Kommunen må opplyse saka tilstrekkeleg for å kunne ta stilling om eit barn har nedsett funksjonsevne og om barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn

### **Vedtak om individuell tilrettelegging**

4. Kommunen gjer ikkje vedtak om individuell tilrettelegging, jf. barnehagelova § 19 g og forvaltningslova §§ 2 og 23.

- Kommunen må gjere vedtak både om å innvilge og å avslå individuell tilrettelegging

5. Kommunen oppfyller ikkje grunngivningsplikta etter barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25.

- Kommunen må i vedtaket grunngi og ta stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne.

- Kommunen må i vedtaket grunngi og ta stilling til om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn.
- Kommunen må i vedtaket grunngi og ta stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagertilbodet på lik linje med andre barn.

#### **Barnets beste**

6. Kommunen tar ikkje stilling til barnets beste etter barnehagelova § 19 g jf. Barnekonvensjonen artikkel 3.

- Kommunen må ta stilling til kva som er barnets beste når dei gjer vedtak om individuell tilrettelegging.

Vik kommune skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal kommunen erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis ein har retta.

Fristen er **25. mars 2021**. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før ein gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

## **8 Klagerett**

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. Kommunen kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom kommunen klagar, må ein gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Kommunen sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å endre vedtaket. Dersom vi ikkje er einige i klagen, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka. I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

Kommunen kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

Vik kommune er part i saka og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Line Sperre  
tilsynsleiar

Anne-Christin Petterson Boge  
seniorrådgjevar

Tanja Holum  
rådgjevar